

# Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

**Møtetid:** onsdag 14. februar 2018 kl. 14.00

**Stad:** seminarrom 301 i HF-bygget

## **Desse er kalla inn:**

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Lene M. Johannessen (engelsk), Øyvind Gjerstad (fransk), Marco Gargiulo (italiensk), Harry Solvang (japansk), Hildegunn Lahlum Helness (Nasjonale prøvar), Shouhui Zhao (kinesisk), Ingunn Lunde (russisk), Miguel Angel Quesada Pacheco (spansk), Birger Solheim (tysk).

Frå gruppe B: Gunn Inger Sture

Frå gruppe C: Anna Polster

Frå gruppe D: Anders Olderkjær Samland, Joakim Fossan, Stine Haugland, Synne Hopland Iversen, Kari Johnsen Skjelsvik og Erika Amdahl af Gejerstam.

*Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla for seg.*

## **Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

## **Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 1. desember 2017**

## **Sak 3 – orienteringssaker**

- A) Konstituering av det nye instituttrådet (endring i talet på medlemar, endring i representasjon for å oppnå regelfesta kjønnsbalanse)
- B) Tilsetjing i faste stillingar (fransk litteraturvitenskap, spansk fagdidaktikk og latinamerikansk historie)
- C) Tilsetjing i stipendiat- og postdoktorstillingar
- D) Søkjarar til stillinga som instituttleiar

## **Sak 4 – rekneskap for 2017 og budsjett for 2018**

Sakspapira vert sende ut måndag 12. februar.

## **Sak 5 – Komité for tilsetjing av instituttleiar ved IF**

Prodekan leier utvalet som innstiller til instituttleiarstillinga, og med seg har ho to medeleamar som representerer arbeidsgjevar, ein medlem frå tenestemennene (fagforeiningane) og ein frå studentane. Ein av medlemane skal peikast ut av instituttrådet. Undervisningskoordinator Synnøve Rosales og forskingskoordinator Randi Koppen har fått i oppdrag å finna kandidat frå instituttrådet. Framlegget til vedtak er i tråd med framlegget frå Koppen og Rosales.

*Framlegg til vedtak: Instituttrådet peikar ut professor Kjersti Fløttum som medlem av innstillingskomiteen for instituttleiarstillinga. Professor Ingunn Lunde er varamedlem for Fløttum.*

## **Sak 6 – ymse**

Åse Johnsen,  
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef

